



Medlemmar i Driftsstyret
ved Kleppe skule

REFERAT FRÅ DRIFTSSTYREMØTE - KLEPPE SKULE TORSDAG 07.09.17 KL.18-20

Tilstade: Dag Folkvord, Else Berit Hatteland, Mette E Brunnes, Hanne Kaspersen, Gro Jeanett Birkeland Davis, Kjersti Olimb Salte, Guro Grude, Anna Hove og Sylvia Gjersdal

Meldt forfall: Beate Braut

Sak 01/17-18 Presentasjonsrunde

Konstituering av Driftsstyret og Skulemiljøutval

- Leiar Driftsstyret og Skulemiljøutval: Dag Folkvord (foreldrerepresentant)
- Nestleiar Driftsstyret og skulemiljøutval: Hanne Kaspersen (pedagogisk tilsett)
- Foreldrerepresentant/FAU: Else Berit Hatteland og Beate Braut
- Pedagogisk personal: Gro Jeanett Birkeland Davis
- Anna personal: Mette E Brunnes
- Elevrepresentant/Elevrådsstyret; Kristoffer S Strøm og Guro Grude
- Hovudutval skule og barnehage: Kjersti Olimb Salte
- Rektor, Sylvia Gjersdal

Sak 02/17-18 Godkjenning av referatet frå 16.06.17.

Referatet blei godkjent utan merknadar

Sak 03/17-18 Møteplan for Driftsstyret 17-18

Denne møteplan blei vedteken:

Torsdag 07.09.17 kl. 18.00-20.00

Onsdag 22.11.17 kl. 18.00-20.00 (Skulemiljøutval)

Tysdag 06.02.18 kl. 18.0-20.00

Tysdag 17.04.18 kl. 18.00-20.00 (Skulemiljøutval)

Måndag 18.06.18 kl.18.00-20.00

Sak 04/17-18 Utviklingsplanen for Kleppe skule 2017/18

Utviklingsplanen blei teken til orientering.

Gode drøftingar og følgjande innspel:

Vedr utviklingsområdet Språk og lesing, *foreldre får opplæring i korleis dei kan hjelpe barnet sitt med lesing*. Gode drøftingar rundt dette. Viktig å ha lesing og korleis foreldre kan bidra som tema på alle foreldremøte, ikkje berre blant dei yngste. Minne foreldra på dette med jamne mellomrom. Fast punkt på utviklingssamtalen.

Vedr utviklingsområdet Sosial kompetanse, *fast innslag på foreldremøte*.

Tema på foreldremøte om våren: Sosial kompetanse, helst spissa og konkret.

Bruke ny sosial læreplan. Gode drøftingar kring skulen sin viktige funksjon kring sosial kompetanse i dagens samfunn.

Ut av dette kom det forslag om å arrangere ein kveld der alle fritidsaktivitetane får visa seg fram, FAU-representantane tek dette med seg til FAU.



Sak 05/17-18 Aktuell info frå Elevråd, FAU, Skulen/SFO og Hovudutvalet

Elevråd: Partnerskap mot mobbing. Gi ein klem-dag. Dette var ein flott dag, eit flott arrangement som alle elevane var med på. Maskot-konkurransse og stort arrangement i Turnhallen.

FAU: Har starta opp, hatt eit møte. Har veldig mange saker på agendaen nå. Handboka for foreldrekontaktar og FAU-medlem er revidert og ligg ute på heimesida. På leit etter pengar, treng ny fane og ønsker å halde fram med refleksvestkonkurransen. Engasjert i Jubileumsfeiringa. Kjem til å drive kafe og selgje lodd på Jubileumskvelden, inntekt går til gåve frå foreldra til skulen: ny fane!

Skulen/SFO: God oppstart, ny leiing er på plass. Mykje nytt på den digitale fronten, både for vaksne og elevar. Alle får læringsbrett dette skuleåret. Schoollink er innført, dette er eit enkelt kommunikasjonsverktøy mellom skule og heim. SFO har færre barn enn tidlegare (sjå sist referat) og har nå gått over til to avdelingar (1.og 2.trinn ilag, og 3.og 4.trinn i lag).

Kleppe skule er 50 år hausten 2017. Det blir stor feiring i veke 40. Det er laga eit flott program der både elevar, personal, foreldre, pensjonistar og andre interesserte er invitert.

Tysdag 3.oktober: festdag for elevar og personal.

Onsdag 4.oktober: Felles tur for heile skulen

Torsdag 5.oktober: Jubileumsfest kl. 17.30-19.30 for alle elevar, foreldre, personal og andre interesserte.

FAU og skulen samarbeider om arrangementa.

Hovudutvalet: Ny skule i Klepp-saka: Administrasjonen i Klepp kommune arbeider inn mot administrasjonen i Fylkeskommunen. Ingen nye vedtak.

Eit fleirtal i hovudutvalet vedtok nedlegging av Vasshus og Horpestad skular. Dette skal nå opp i Kommunestyret.

Sak 06/17-18 Partnerskap mot mobbing

Plan for 17/18

Driftstyret var einige om at ein ville ha ein komitè som arbeider med Partnerskap mot mobbing. Medlemmar i komitèen skal vere: to frå elevrådsstyret, FAU-leiar, ATV og rektor.

Kleppe kommune, 11.09.2017

Sylvia Gjersdal
Referent